

Erling Berge

# Landbruk i endring

Bokmelding:

Jesper Simonsen og Arild Vatn (red.) «*Landbruk i endring. Fra opptrapping til omstilling*», Universitetsforlaget 1992

Boka «Landbruk i endring» set seg føre å oppsummere fire års forskning om grunnleggende trekk ved utviklinga i norsk landbruk og den freistar å spekulere litt over kva som kan bli resultatet av dei nye rammevilkåra. Boka har 13 artiklar og er inndelt i to bolkar. Den første bolken med 8 artiklar har tittelen «Kan landbruket styres?». Den andre bolken er kalla «Nye utfordringer for landbruket».

Av dei fem artiklane i andre bolken tar to opp ureiningsproblem og korleis dei bør handterast i landbruket. Dei tre andre freistar å vurdere korleis vi kan tilpasse oss den internasjonaliseringsprosessen som no er i gang. Her synest underteikna at drøftingane av miljøproblema er dei interessante. Internasjonaliseringsprosessen vert studert gjennom simuleringsmodellar. Å rapportere resultat frå simuleringsmodellar for eit allment publikum er vanskeleg. Forfattarane her klarer det ikkje tilfredsstillande.

Artiklane i første bolken tek utgangspunkt i utviklingstrekk i norsk landbruk i perioden 1975-1989. Måleteier å seie noko om kva som påverkar den utviklinga forfattarane ser. Vi får presentert viktige utviklingsstrekk for norsk landbruk i perioden, men i det store og heile synest ikkje underteikna at forfattarane klarer å seie noko interessant om kva som styrer utviklinga.

Å kunne forklare 10% av variasjonen i investeringsatferda er ikkje mykje (Hegrenes, s. 61) og at opptrapping/nedtrapping i produksjonen har samanheng med livssyklusen til brukaren (Vatn, s. 81) er ikkje

direkte ny kunnskap (jfr. Børresen et al. 1976<sup>(1)</sup>). Det «funnet» som kanskje peikar seg ut som nytt i høve til tidlegare, er kvinnene sin utmarsj til (oftast heiltids) yrkesaktivitet utanom bruket medan mannen er bonde på heiltid. Dette er den einaste hushalds-strategien som er i klar vekst i perioden 1975 til 1989 (Almås og Blekes-aunet, s. 146). Men dette viser vel berre at jordbruks-hushaldarikkje er ulike andre hushald. I andre «næringer» har også kvinner gått ut i yrkeslivet. «Husmoryrket» har vore i klar tilbakegang sidan tidleg i sekstiåra.

Dei mest interessante artiklane i første bolken er i grunnen dei som nøyser seg med å sjå på konsekvensar av styringsvedtak som er gjort. Normann Aanesland studerer kven som i det lange løp har tent på opptrappingsvedtaket. Studien hans viser at dei som har tent mest er brukarar som kunne ta ut kapitalgevinsten frå verdistigninga som høgare inntektsmuligheter gav. Marknadseffekten - at høgare inntekter frå jordbruksproduksjon vil gi høgare pris ved overdraging til ny brukar - kan heller ikkje jordbruks-slepe unna, sjølv om familieoverdragingar og takstsysteem forseinkar effekten til arvingane går ut av næringa. Konklusjonen er at det er lite å vinne på auka overføringer. Men sjølv om ein til ein slik konklusjon kan innvende at den liknar mye på den om at «in the long run we are all dead», trur eg det er eit viktig poeng å ta med i utforminga av landbrukspolitikken.

Anne Moxnes Jervell skriv om korleis systemet med produksjonskvotar for melk verkar. Med eit konstant eller minkande konsum av mjølk samtidig med aukande produksjon var det nødvendig å regulere tilgangen til marknaden. Kvar melkeprodusent fekk rett til ein viss andel av marknaden, ein kvote. Å dele ut ein slik rett

til nokon samtidig som andre vert ekskludert frå retten gir opphav til svært allmenne og interessante prosessar. Observasjonane av korleis rettshavarar reagerer i høve til innføringa og praktiseringa av kvoteordninga illustrerer godt sentrale teoretiske problem som t.d. fordelingsrettferda og langsigktige kostnader ved forvaltninga av retten.

I den første artikkelen om miljøproblema i landbruket vurderer Fred Håkon Johnsen på prinsipiellt grunnlag ulike tilnærmingar til kontroll av ureiningar og spesielt kva somer «Kostnadseffektivestrategier i forurenningspolitikken». Både kostnadseffektivitet, omsynet til rettferdig fordeling og korleis ein politisk skal kunne gjennomføre tiltaka må drøftast. I avveginga mellom avgift og lovgjeving/offentleg kontroll finn ein ofta at avgift er meir kostnadseffektivt. Til no har vi hatt for lite debatt om alternative verkemiddel. Denne debatten må kome og etter den bør vi velge det mest kostnadseffektive tiltaket. Men med ein slik konklusjon synest Johnsen alt å ha gløymt den vanskelege avveginga mellom kostnads-effektivitet og fordelingsrettferd.

Problemet med fordelingsrettferd vert sentralt i artikkelen til Kolbjørn Christoffersen, Sigurd Rysstad og Jesper Simonsen. Dei er opptekne av korleis miljøproblema i landbruket kan handterast og argumenterer godt og grundig for korleis «Avgift på nitrogen» vil vere eit fornuftig verkemiddel for å redusere nitrogenavrenninga frå norske gardsbruk. Dei tek vare på fordelings-effektane ved å gi avgifta attende som andre typer tilskott. Teoretisk er dette ei elegant, pareto-optimal, kostnadseffektiv løysing. Likevel har framleggjet møtt enormt stor motstand mellom bønder, og bøndene har fått med seg store deler av embetsverket. Dette synest å forbløffe landbruksøkonomane. Nøkkelen til å skjøne utviklinga, er eit spørsmål om tillit. Er det mogeleg å gi langsigktige garantiar for slike tilskott som avgiftsløysinga føreset om fordelingsrett-

ferda skal vere akseptabel? Kan bøndene ha tiltru til statsmakta på eit slikt punkt?

I første del av Kyrre Rickertsen sin artikkel skriv han om korleis produsentprisane i EF vert fastlagt og korleis dei varierer frå land til land. Denne kunnskapen nyttar han til å simulere norsk tilpasning (i produsentprisar) til EF systemet. Resultata indikerer at mjølkeprisen vil halde seg oppe, prisen på storfekjøttet vil gå noko ned, mens prisen på bygg vil gå mye ned. Resultata er svært usikre. Konsekvensane av desse resultata er likevel ikkje så ulik dei Ottar Brox har resonnerert seg fram til på bakgrunn av den innsikten han har om norsk landbruk. Slik gjensidig støtte kan gjøre det lettare å ha tiltru til usikre modellresultat. Men dette er ei samanlikning Rickertsen ikkje går inn på.

Å rapportere frå prognosemodellar eller simuleringsmodellar til eit allment publikum er normalt uhyre vanskeleg. Problemet vert akutt i Brunstad, Gaasland, Nersten og Vårdal sin studie av korleis vi kan tilpasse oss nye GATT-reglar. For meg - og eg trur for både spesialistar og folk flest - er dette ein fullstendig uninteressant artikkel, ut over det å få vite at folk arbeider med ein slik simuleringsmodell. For spesialisten er den ikkje detaljert nok på modellføresetnadene til at dei kan vurderast. Og for folk flest er vel dei «effektive» løysingane av modellen «som gir det største samfunnsmessige overskuddet» fullstendig uninteressante så lenge dei «forutsetter virkemidler som ligger fjernt frå dagens praksis» (s. 225). Faren med slike artiklar er at dei lett kan gi vatn på mølla til dei som meiner at denne typen forskning er fullstendig unyttig og verdilaus. Det er ho ikkje.

#### Note

- (1) Børresen, Børre H., Anne M. Flo Hvidsten, August E. Røsnes og Hans Sevatdal, 1976: «Nedlegging av gardsbruk og tilpassing i jordbruksområdet», Melding nr 22, Institutt for jordskifte og eiendomsutsformning, NLH, Ås